

---

**Fra:** arild@aasegarden.no  
**Sendt:** fredag 18. desember 2020 13:02  
**Til:** Are Frøysland Grande  
**Kopi:** Postmottak Alver  
**Emne:** Tilleggsdokumentasjon- gbnr 186/2, dykkar referanse 20/14807-20/63701  
**Vedlegg:** Situasjonsskart Landbrukshall vedlegg 5.pdf; Fasade snitt og plan teikningar landbrukshall. Vedlegg 4.pdf; Geolog bekreftelse, Arne Instanes. Vedlegg 3.docx; Oppdatert fasade plan og snitt sagbruk 2020. Vedlegg 7..pdf; Signert disp søknad Statens Vegevesen. Vedlegg 6.pdf; Situasjonsskart sagbruk vedlegg 2.pdf; Uttale frå landbrukskontoret til oppføring av sagbruk med lagerverkstadkontor på gbnr 1862 Åse (653990) (5) Vedlegg 8.pdf; Signert tilleggsdokumentasjon søknad sagbruk og landbrukshall. Vedlegg 1.pdf

Hei sender som avtalt innan frist i dag, tilleggsdokumentasjon for byggetiltak utan ansvarsrett. E-posten har i tillegg 8 vedlegg der vedlegg 1 er sjølve tilleggs beskrivelsen, som under, signert.

Arild Aase

14.12.2020

Aase 35

5916 Isdalstø

Alver Kommune

v/Are Frøysland Grande

### **Tilleggsdokumentasjon for søknad ved oppføring av landbrukshall og sagbruk ved gbnr 186/2 Aase.**

Sender herved etterspurt tilleggsdokumentasjon for min søknad om bygging av to landbruks/driftsbygningar. Dykkar ref: 2014807-20/63701.

#### **Sagbruk:**

- 1.Har oppdatert og forbedra snitt og plan teikning for tiltaket. Ser også at du har vurdert original søknadsteikningar som tilstrekkelig for heilhetleg inntrykk av tiltaket og regner med at dette då no er i orden. Vedlegg 7.
- 2.Vedlagt ligg nye målsatte situasjonsskart med innteikna/forklarande avstand til kommuneveg, nabogrense og leidningar. Vedlegg 2.

3. Det er ynskje å lage eit vassklosett og ein vask med utløp til slamskiller og sandfiltergrøft. Toalettet vil ikkje tilføra garden meir utslepp, men er vil vera eit supplement til å sleppa urinering på utsida av bygget, eller kjøre heim for å gå på toalettet når ein ute og arbeider. Det er konferert med Hogne Askeland at det kan sjåast på rimelegare løysingar enn minireinseanlegg for dette uendra størrelsen på utslepp. Løysinga er å føre til eksisterande slamskiller og sandfiltergrøft. Det vert derfor ikkje søkt om nytt utsleppsløyve.

4. Det er vurdert som ikkje nødvendig å søkje Alver kommune om nabovarsel, då tiltaket ikkje berører kommunevegen og at avkjøring til tiltaka går på privat veg. Avstanden er 53,7 meter til midten av kommunevegen frå tiltaket. Kommunevegen er privat bygd, men overtatt av kommunen med vedlikehold. Grenselinjene rundt kommunevegen er ikkje riktige, dei er feile innteikna og ikkje tinglyste. Dette er ei sak som er meldt inn til Alver kommune landbrukskontoret og veg og oppmåling i juni 2020.

5. Området er LNF og også i gjeldande kommuneplan omfatta av landbruk H510. Landbruk skal ha særleg vern innanfor sona og skal takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innanfor området. Tiltaket er i tråd med landbruksarealet ihht til landbrukskontoret i Alver Kommune sine vurderingar. Vedlegg 8.

Eit levande landbruk og her sagbruk med drift er også verdi for friluftslivet. Kan ikkje sjå at dette har nokon negative konsekvensar for friluft. Sagbruksdrifta vil auke friluftsopplevelsen og er ei naturleg foredling av planta hogstmoden skog på garden. Garden har ca 330 dekar skog som er ein del av gardsdrifta vår. Aktivitet i skogen skaper også meir friluftsliv og engasjement for bruk av skogsområder.

6. Ifølge NVE er det grovskissert merking av ras og skredfare i karta som kommunen bruker. Omsynssona for tiltaket er delvis, men gir grunnlag for ei vurdering. Ved min fysiske kjennskap til tiltaksområda er dette ikkje noko ras eller skredutsatte område. Hverken snø eller steinras er sett kjent i områda gjennom åra.

Vurdering er likevel utført av Instanes AS ved geolog Arne Instanes, ligg i vedlegg 3.

7. Båndlegginga av arealet ihht pbl H710 der tiltaket ligg, skal etter planen være ferdig utreda av Statens vegvesen i januar 2021. Dersom arealet ikkje vert valgt som korridor, vil båndlegginga opphevast i følge Statens vegvesen og Alver kommune. Det er på noverande tidspunkt naudsynt å søkje dispensasjon, men eg er usikker på om tida er for kort til avgjerda kjem. Det er grunnlag for å tru at opphevinga vil verta realitet, då dette alternativet for ny E39 korridor har høgast kostnad, er mest naturinngripande og oppfyller i minst grad forutsetningane til Statens Vegvesen i forhold til miljø, avstand, tid og fravik.

Eg vil likevel søkje om dispensasjon, dersom tida for avklaring av båndlegginga H710 vil verte endra. Vedlegg 6.

8. Raudliste artane Vipe og Gjøk. Eg kan bekrefte at fleire stader i randen av slåttemarka, er der hekkande Viper. I år var der tre par og Viper og et par unger. Dette har vorte tatt godt vare på gjennom mange år. Eg har sjølv for fleire år sidan vore i kontakt med Norsk orntologisk forening for å få vite korleis eg kan ivareta Vipene på best mulig måte i samband med slåtte drifta og andre aktiviteter ved friluftsliv. For oss er Vipene et viktig tema og vi er glade for at vi ser at vi ivaretar de så godt vi kan at de kjem tilbake, sjølv om det er ein art som er synkande. Eg har også god kontakt med fleire fugletittere som registrerer og tar bilder av fugler og insekt kvart år på Aase. Vipa vil ikkje verte påverka av tiltaka i dei omsøkte områda.

Når det gjeld Gjøken så er den kvart år i området og i år har det vore stor aktivitet. Den held seg i dalsidene på begge sider av dalen og oppe i trea. Den vil ikkje verta påverka av tiltaka. Ofte ser eg gjøken utanfor våningshuset der eg bur. Han sit mykje i toppen av dei eldre trea.

Vi har også mange andre flotte fugle og dyrearter som vi lever med kvar dag. Me setter stor pris på å bu slik tett på den flotte naturen og dyra, og ville ikkje gjort noko som kan skade dette unike.

#### **Landbrukshall:**

1. Før nyttår 2020 og inngåing i Alver kommune vart det gjort eit hurtig arbeid av Lindås kommune for å få på plass arealplanar. Eg hadde gitt innspel til arealplanen, men det var ikkje dei områda der eg allereie i 25 år har dreve med landbruk og tilleggsnæring, som var dei områda eg ynskte å kunne drive med nye næringar. Dette

er dessverre slik kommunen har endra mine areal til LSN 7. Dette resulterte i at eg 26.03.2020 stilte spørsmål til at areala på garden min plutselig hadde skifta farge, noko som eg heller ikkje var vorte informert om. Eg snakka fleire gonger med Marte Hagen Eriksrud om dette og ho bekrefta at det var gjort eit hastearbeid med planane i slutten av 2019. Eg spurte kva konsekvensar dette ville få for drifta og utviklinga av drifta mi. Det vart bekrefta at dette skulle ikkje bety noko anna enn at eg hadde moglegheit til å driva med anna næring en det som allerede var tilstades og då næring som ikkje brukte garden som ressurs. Dette synes eg var feilplassering av LSN 7 på areala mine, og klaga derfor på dette, sidan eg foreløpig ikkje driv med næring utan gardens ressurser. Eg ønskte å bytte tilbake fra LNF spredt næring til vanleg LNF område for desse tre områda. Dette har eg fått melding om at eg ikkje får gjort noko med før ved neste rulering av arealplan. 22 mai 2020 fekk eg svar tilbake der tiltaka ikkje vil kreve detalregulering for mine landbrukstiltak i områda.

Eg kan ikkje sjå at eg skal søkje om dispensasjon fra krav om LSN 7 etter det som eg har fått fortalt pr telefon i januar 2020 av landbrukskontoret, fra i samtaler med Marte Hagen Eriksrud og til slutt i e-post 22. mai 2020 fra Marte Hagen Eriksrud, med Marianne Odland Sandvik på kopi.

2. Har vedlagt nye målsatte snitt, plan og fasade teikningar for Landbrukshallen. Vedlegg 4.

3. Har vedlagt nytt situasjonskart frå Nordhordlandskart, der det syner avstander til leidningar, veg og nabogrense. Vedlegg 5.

4. Ifølge NVE er det grovskissert merking av ras og skredfare i karta som kommunen bruker. Omsynssoona for tiltaket er delvis, men gir grunnlag for ei vurdering. Ved min fysiske kjennskap til tiltaksområda er dette ikkje noko ras eller skredutsatte område. Hverken snø eller steinras er sett kjent i områda.

Vurdering er likevel utført av Instanes AS ved geolog Arne Instanes, ligg i vedlegg 3.

5. Tiltaket Landbrukshall ligg ikkje i hensynsone H530 friluftsliv, men i landbruk H510. Tiltaket er fleirbruk og skal i brukast forbindelse med sagbruksdrifta og montering av treprodukt, lagring og evt reprasjoner landbruksutstyr og bruk til tilleggsnæringer. Tiltaket er i tråd med landbrukskontoret si tilråding og bruk, utvikling av landbruksarealet på denne delen av gbnr 186/2.

6. Båndlegginga av arealet ihht pbl H710 der tiltaket ligg, skal etter planen være ferdig utreda av Statens vegvesen i januar 2021. Dersom arealet ikkje vert valgt som korridor, vil båndlegginga opphevast i følge Statens vegvesen og Alver kommune. Det er på noverande tidspunkt naudsynt å søkje dispensasjon, men eg er usikker på om tida er for kort til avgjerda kjem. Det er grunnlag for å tru at opphevinga vil verta realitet, då dette alternativet for ny E39 har høgast kostnad, er mest natur inngripande og oppfyller i minst grad forutsetningane til Statens Vegvesen i forhold til miljø, avstand, kjøretid og fravik.

Eg vil likevel søkje om dispensasjon, dersom tida for avklaring av båndlegginga H710 vil verte endra. Vedlegg 6.

Håper dette er tilfredstillande for min byggesøknad.

Håper på svar snarast og på førehand takk.

Helsing

Arild Aase